



## Notat

Dato: 17.03.2017  
Arkivsak: 2017/938-7  
Saksbehandlar: rolrose

---

**Til:** Utval for miljø og samferdsel

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Prioritering av planressurar

På møte i utvalet den 15. mars 2017 stilte representanten **Rasmus Laupsa Rasmussen** slikt spørsmål:

«Korleis prioriterar Statens vegvesen sine planressursar i samband med prosjekta i Hordaland som vert omfatta av prosjektet «Ferjefri E39» og kva er status og framdrift i desse prosjekta? Det gjeld dei fire prosjekta Ringveg aust, Eikefet-Romarheim, Nyborgtunnel og Hordfast.»

For strekninga E 39 Stord – Os (Hordfast) pågår det eit arbeid med statleg kommunedelplan. Dette arbeidet ligg under prosjektorganisasjonen E39 Bokn – Bergen med Signe Eikenes som prosjektleiar.

Kommunedelplanen har vore på høyring. Det har komme 140 merknader. Kommunal- og moderniseringsdepartementet som er planmynde for statleg plan, er orientert om dei innkomne merknadene. Som ein del av prosjektet vert det arbeidd med moglege tekniske løysingar for kryssing av Bjørnafjorden. Dette arbeidet omfattar både generell teknologiutvikling og ei spesiell vurdering av den enkelte fjordkryssinga.

For Ringveg aust og E 39 nord i Åsane (Nyborgtunnelen) vart det lagt fram ei utgreiing i 2016. Rapporten har vore på høyring. Merknadene er oppsummerte, kommenterte og sende til Vegdirektoratet for vidare handsaming. Statens vegvesen Region vest si tilråding er at endeleg avgjerd om eventuell vidare planlegging vert teke når ny Nasjonal transportplan er behandla (juni 2017).

E 39 Eikefet – Romarheim har godkjend reguleringsplan.

